



Referat møte vedkommande rutine påleggstrekk 23.01.13

Følgjande var tilstades:

Tone Haugsvær, Masfjorden kommune
Eli Stien, Austrheim kommune
Frode Herland, Lindorff
Erlend Kleiveland, NGIR
Jorunn H. Pedersen, NGIR
Henrik Kjøpstad, NGIR

Det har den seinare tid vist seg at det er ein del problemstillingar knytt til påleggstrekk og administrering av ordninga slik den er i dag. Ein av utfordringane er kor dei opne postane skal liggja fram til dei er betalt. Skal postane liggje hjå Lindorff, skal kommunane evt. kjøpe ut krav, eller må det andre ordningar på plass. NGIR kalla difor inn til møte for å verta einig om ei rutine for korleis ordninga skal fungera og administrerast.

I møtet vart det diskutert og avdekkja kva som er hovudutfordringane og kva som må til for å få ein betre og meir effektiv ordning for alle partar. Ein kom fram til følgjande punkt som må betrast:

1. Kommunane skal få kopi/ liste over kundar som vert oversendt Lindorff. Dette for at kommunane på eit tidlegare tidspunkt skal få informasjon om uteståande krav og om kven skyldnar er. Kommunen kan då meir effektivt gå inn å etablere påleggstrekk utan at større kostnader rundt innkrevjinga har kome på. Dessutan er det då mulig for kommunane og kunna samla fleire kommunale krav i eit påleggstrekk. Dette vil gjere det enklare opp mot skyldnars arbeidsgjevar ved at ein kan komma med krav i staden for fleire småkrav.

Ansvar for iverksetjing: NGIR.

2. Kommunane (alle NGIR kommunane) får innsynsordning (Lindorff) for renovasjonsavgift. Dette for å betra kommunikasjonen i innkrevjingsprosessen og for at kommunen skal kunna gje meldingar meir effektivt til Lindorff. Bruk av e-post er mykje nytta i dag, noko som gjer at saksbehandlarar i kommunane er usikre på om saksbehandlarar hjå Lindorff har fått saksinformasjon (automatiske svar). Via Innsyn vil ein få ein meir effektiv logging av informasjonen og ikkje minst historikk på kva som har vorte gjort. Kommunane vil då kunna følgja med i dei sakene som er potensielle inkassosaker og komma med innspel/kommentarar. Ein vil og lettare finna betalingsinformasjon i dei ulike sakene.

Ansvar for iverksetjing og oppfølging: Lindorff.

3. Det var eit ønskje frå kommunane at NGIR skulle korte ned tida ein brukar på faktureringsrutinar. Særleg om våren. Dette for at kommunane skal få meldt inn uteståande krav - renovasjon til Skatteetaten for avrekning mot eventuell skatt til gode.

Ansvar for iverksetjing og oppfølging: NGIR.

4. Det er viktig at kommunane vel eit løp når dei etablerer påleggstrekk (sjå vedlegg - Lindorff). Dette løpet må følgjast slik at ein unngår at kravet av ulike årsaker ikkje kan krevjast inn (for mange terminar, for stor saldo). Det er og viktig at kommunane gjev informasjon til Lindorff når rammene for påleggstrekket endrar seg og eventuelt innbetalingane til Lindorff stoppar opp (ny arbeidsgjevar, vedkommande har flytta utanlands og liknande). Lindorff kan då ta opp igjen alternativ løype/saksgang (tvangssal).

Ansvar iverksetjing og oppfølging: Kvar enkelt kommune.

5. Kor opne postar skal liggje fram til dei er betalt kan ein velje utifrå alternativa skildra i vedlegget. Viktig at innbetalingar går direkte til Lindorff med kid. , og at desse blir betalt inn fortløpande. Viss noko stoppar opp, gje melding til Lindorff slik at vidare- /alternativ saksgang kan setjast i verk. Ansvar iverksetjing og oppfølging: Kvar enkelt kommune.

Konklusjon: Dei fleste problemstillingane/utfordringane knytt til påleggstrekk kan eliminerast ved å betra kommunikasjonen og effektivisera konkrete prosessar (tidlegare skildra). Det er og viktig at ein føl innkrevjingsløpet når ein har fatta eit val. Tiltaka skissert i referatet vil setjast i verk fortløpande.

Henrik O. Kjøpstad
Referent